
Saksnr: 2020/78924-4
Saksbehandlar: Katharine Louise Clarke

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		23.03.2021

Oppfølging internasjonal strategi på området for innovasjon og næringsutvikling

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek prioriteringane av internasjonalt samarbeid som ligg i saka på avdeling for innovasjon og næringsutvikling sine ansvarsområde.
2. Hovudutval for næring ber utvalsleiar, i dialog med administrasjonen, vurdere ei forsterka politisk deltaking i dei europeiske organisasjonane kor Vestland fylkeskommune er medlem
3. Det skal leggst fram årleg rapport om gjennomføring av strategien som grunnlag for budsjettarbeid.

Samandrag

Saka skildrar korleis avdeling for innovasjon og næringsutvikling (INN) vil prioritere, spisse og forankre innsatsen knytt til internasjonalt samarbeid innafor rammene i utviklingsplanen, økonomiplanen og dei årlege budsjetta. Internasjonale aktivitetar frå 2022 skal vere ein integrert del av handlingsprogrammet for innovasjon og næringsutvikling knytt til "Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling". Denne saka viser kva aktivitetar avdeling for innovasjon og næringsutvikling planlegg å gjennomføre i 2021. Kjerneoppgåvene i avdelinga knytt til internasjonalisering handlar om mobilisering, rådgjeving, kompetansebygging, spreining av informasjon og nettverksarbeid.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Kathrin Jakobsen
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn

Framlegg til strategi for internasjonalt samarbeid vart vedtatt av fylkestinget i sak PS 92/2020 29.09.2020. Strategien skal gi ei samla tilnærming til internasjonalt samarbeid - både politisk og administrativt - ved å:

- 1. Klargjere målsetting og strategisk retning for Vestland fylkeskommune sitt internasjonale samarbeid.*
- 2. Prioritere, spisse og forankre innsatsen knytt til internasjonalt samarbeid innfor rammene i utviklingsplanen, økonomiplanen og dei årlege budsjetta.*
- 3. Gi oversikt over internasjonale prosjekt, tiltak og avtalar som Vestland fylkeskommune er med i etter regionreforma 1.januar 2020.*

Vedtaket omfattar 6 punkt som skal leggst til grunn for gjennomføringa av strategien:

- 1. Fylkestinget vedtek Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024 med slik endring: Avsnitt 2.1.1. under "I kost/nytte vurderinga skal ein legge vekt på om samarbeidsaktivitetane bidreg til å:" - Stoppe klimaendringane og tap av naturmangfaldet .*
- 2. Vestland fylkeskommune sitt internasjonale engasjement skal vere integrert i regionale planar, temaplanar og strategiar.*
- 3. Fylkesrådmannen får i oppdrag å utarbeide ei politisk sak om bruk av samarbeidsregionar.*
- 4. Alle sektorar skal prioritere sine internasjonale aktivitetar i samsvar med strategi for internasjonalt samarbeid.*
- 5. Fylkeskommunen får auka kompetanse gjennom samarbeid med aktørar som jobbar for berekraftig utvikling også utanfor Europa. Derfor skal fylkeskommunen utgreie moglegheita for internasjonalt samarbeid gjennom NOREC, og søke om midlar til prosjekt som er relevante for fylkeskommunen.*
- 6. EØS-avtalen er hovudfundamentet i Norge sitt internasjonale samarbeid. EØS-avtalen er derfor avgjerande for gjennomføring av strategien for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024.*

Forslag til gjennomføring

Generelt (vedtakspunkt 1, 2, 4 og 6)

Sektorane vil ha ulik tilnærming til bruken av internasjonalt samarbeid, og operasjonaliseringa av strategien ligg difor primært til sektornivå. I dette ligg at den einskilde sektor må gjere ei vurdering av korleis strategien best vert implementert i eigne arbeidsoppgåver, arbeidsmåtar og budsjett. Strategien har eit vedlegg med oversikt over alle internasjonale engasjement Vestland overtok frå dei gamle fylka som grunnlag for dette arbeidet. I vurderinga skal ein legge vekt på om internasjonalt samarbeid bidreg til å:

- Utvikle kunnskap og kompetanse for ønska regional utvikling nedfelt i utviklingsplanen for Vestland
- Auke nyskaping og kvalitet i fylkeskommunen sine arbeidsområde og tenester
- Utløyse ekstern finansiering av utviklingsaktivitetar i Vestland
- Gi moglegheiter for å påverke viktige rammevilkår for Vestland
- Stoppe klimaendringane og tap av naturmangfaldet

Det vert lagt opp til to formelle syklusar for operasjonalisering og rapportering:

- Årleg skal sektorane gjere ei vurdering av si internasjonale aktivitet i samband med årsrapportering og budsjettarbeid. Den årlege vurderinga sjåast i samanheng med sektorane sine tiltaksplanar.
- Kwart 4 år skal det gjerast ei vurdering av behov for rullering av strategi for internasjonal samarbeid i samband med utarbeiding av utviklingsplan. Vedlegg 1 i strategien vert minst oppdatert i samband med det.

Som eit ekstra tiltak første virkeåret vert det mot slutten av 2021 laga ei orienteringssak til Fylkesutvalet om oppfølginga av den internasjonale strategien.

Vedtaks punkt 3

Avdeling for strategisk utvikling (SUD) har ansvar for samordning av sektorovergrepande prosessar og planlegging. Det er difor naturleg at vedtaks punkt 3 vert følgd opp av SUD.

Vedtaks punkt 5

Fylkeskommunen skal utgreie mogleg internasjonalt samarbeid gjennom NOREC, og søke om midlar til prosjekt som er relevante for fylkeskommunen. OPK har ansvar for å følge opp dette.

Delegering

Internasjonalt samarbeid der fylkeskommunen har ei leiande rolle og/ eller som har økonomisk konsekvens, skal handsamast i samsvar med delegeringsreglementet. For anna samarbeid vurderer fylkesrådmannen om det internasjonale engasjementet er av ein slik karakter at det bør handsamast politisk.

Sektorvis gjennomføring - prioriteringar av internasjonalt samarbeid på avdeling for innovasjon og næringsutvikling (INN) sine ansvarsområde

Utviklingsplanen for Vestland er styrande for alle aktivitetar i avdeling for innovasjon og næringsutvikling. "Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling, som no er på høyring med høyringsfrist 26. mars, har ei tydeleg forankring i utviklingsplanen. Vi legg høyringsdokumentet til grunn for våre prioriteringar av internasjonalt samarbeid fram til planen er vedtatt i juni.

Når planen er vedtatt vil vi utarbeide eit handlingsprogram for 2022 - 2025. Internasjonalt samarbeid vil vere ein integrert del av denne handlingsplanen. I denne saka vil vi difor primært ha fokus på prioriteringar i 2021, og som vil leggje eit godt grunnlag for det vidare arbeidet.

Planutkastet har tre temaområde for partnerskapsarbeidet: Grøn verdiskaping, Innovative og inkluderande samfunn og Areal for næringsutvikling. Dei internasjonale aktivitetane i 2021 er forankra i desse tre temaområda. Vi byggjer vidare på aktivitetar og erfaringar frå begge fylka. Arbeidet skal også vere i tråd med FN sine berekraftsmål.

Sektorane er bedne om å vurdere dei internasjonale samarbeidsaktivitetane opp mot fem kriterium: 1) Utvikle kunnskap og kompetanse for ønska regional utvikling nedfelt i utviklingsplanen for Vestland, 2) Auke nyskaping og kvalitet i fylkeskommunen sine arbeidsområde og tenester, 3) Utløse ekstern finansiering av utviklingsaktivitetar i Vestland, 4) Gi moglegheit for å påverke viktige rammevilkår for Vestland og 5) Stoppe klimaendringane og tap av naturmangfaldet.

Kjerneoppgåvene i INN knytt til internasjonalisering handlar om mobilisering, rådgjeving, kompetansebygging, spreing av informasjon og nettverksarbeid. I tillegg er det mogleg for Vestland fylkeskommune å gå inn som partner i internasjonale samarbeidsprosjekt for å styrke våre satsingsområde.

Kjerneoppgåvene tilfredsstiller alle dei tre første kriteria. Ein sentral del av arbeidet vårt er å utvikle kunnskap og kompetanse for ønska regional utvikling nedfelt i Utviklingsplanen for Vestland. Internasjonalt samarbeid er eit av verkemidlane. Vi hjelper til dømes kommunar, frivillige sektor, næringsutviklingsaktørar og andre til å bygge kompetanse, tenke nytt eller annleis i gjennomføringa av deira utviklingsoppgåver og til å finne nye finansieringskjelder for sine utviklingsprosjekt med europeiske partnerar. Avdelinga nyttar også spesialiserte nettverk og plattformer i Europa for å kome vidare i eiga arbeid og byggje partnerskap utanfor Noreg.

I tillegg deltek avdelinga som partner i ei rekkje EU-finansierte prosjekt på vegne av Vestland fylkeskommune, sjå punkt 1 under. I nokre tilfelle handlar det om å utvikle våre egne tenester, mens i andre høve bygger vi kompetanse saman med regionale aktørar. I alle prosjekt deler vi kunnskap og finn løysingar saman med europeiske partnerar. Desse prosjekta utløsar ekstern finansiering for fylkeskommunen.

Deltaking i europeiske organisasjonar gjev moglegheit til politisk påverknadsarbeid for å sikre gode rammevilkår for Vestland, jf kriterium 4. Her har fylkespolitikarane høve til å fremje våre prioriteringar, og våre langsiktige og strategiske mål for ei ønska utvikling i Noreg og Europa. Korleis vi ønskjer å nytte desse arenaene er skildra under punkt 2 under. Saman med bruk av Vest-Norges Brusselkontor er dette det viktigaste verktøyet vi har for politisk påverknadsarbeid.

Kommunane og fylkeskommunane har ei sentral rolle både når det gjeld å bidra til å redusere klimagassutslepp, og til å tilpasse samfunnet til eit klima i endring. Kommunane og fylkeskommunane er ansvarlege for planlegging og tilrettelegging for gode lokalsamfunn for befolkninga, dei forvaltar eigendom og infrastruktur og dei er store innkjøparar. Vestland fylkeskommunen har ansvar for ei rekke verksemdar og tenester som kan bli påverka av klimaendringane. Ei viktig oppgåve for avdelinga er nettopp å setje i verk tiltak som kan bidra til å stoppe klimaendringane og tap av naturmangfaldet. Vi veit at det er mykje å lære frå andre organisasjonar som må løyse liknande problemstillingar. Vi vil løfte desse problemstillingane inn europeiske samarbeidsforum og planlegg å bruke europeiske verkemidlar til erfaringsutveksling, læring og finansiering av prosjekt der det er føremålstenleg, jf kriterium 5).

I 2021 planlegg avdelinga desse aktivitetane

1. Gjennomføring av igangsette aktivitetar og prosjekt

Vi er forplikta til å følgje opp deltaking i prosjekt og aktivitetar sett i gang av dei to gamle fylka før samanslåinga og forpliktingar vi har inngått i 2020. Ressursar er allereie sett av til gjennomføringa.

2. Deltaking i europeiske organisasjonar

I tråd med Internasjonal strategi vil vi leggje til rette for at Vestland fylkeskommune nyttar dei moglegheitene som ligg i medlemskapen i europeiske organisasjonar.

3. Vidareutvikle regionale samarbeidsstrukturar

Fylkesdirektøren vil halde fram med å koordinere to regionale nettverk for mobilisering til bruk av europeisk samarbeid og program- internasjonalt kommunenettverk og EU-rådgjevar forum Vestland. Arbeidet i desse nettverka skal vidareutviklast og tilpassast utfordringane i gjeldande planar og strategiar.

4. Nye initiativ

Fylkesdirektøren vil i 2021 ta nye initiativ til internasjonalt samarbeid for å forsterke innsatsen på prioriterte område. For å gjere dette mogleg er det naudsynt å posisjonere seg og følgje med på utviklinga i EU og internasjonale arenaer. Alle internasjonale aktivitetar som avdelinga set i gong skal gi meirverdi til oppgåveløysinga i avdelinga.

1. Gjennomføring av igangsette aktivitetar og prosjekt

Avdeling for innovasjon og næringsutvikling deltek i ei rekkje europeiske samarbeidsprosjekt på vegne av Vestland fylkeskommune. Dette er forpliktingar som vi må overhalde og som difor ikkje kan prioriterast vekk.

Her er ei oversikt over prosjekt og tiltak avdelinga deltek i, med informasjon om tema og ressursbruk:

Right Skills for the Right Future (RIGHT) - Interreg Nordsjøprogrammet

Prosjektet skal teste ut metodar for kompetanseutvikling på område kor vi har regionale fortrinn (smart spesialisering). Det overordna målet er å styrkje den regionale konkurransekrafta og innovasjonskapasiteten gjennom eit samarbeid mellom regionar i Nordsjøområdet. Vestland fylkeskommune er prosjektleiar. Vestland gjennomfører to pilotar i prosjektet. Den eine handlar om å byggje kunnskap hjå bedriftsleiarar om framtidig kompetansebehov, og blir gjennomført i samarbeid med Alver kommune og Green spot Mongstad. Fagskolen gjennomfører den andre piloten, der dei i dialog med næringslivet har sett opp ein ny fagmodul om RAS-teknologi for å møte behovet for ny kompetanse i den marine næringa. Prosjektet har 14 partnarar frå 7 land kring Nordsjøen.

Prosjektet starta i 2018 og er planlagt ferdig i juni 2022. Budsjettet er på 3.366.047 Euro. Budsjettet til Vestland er på 603 500 Euro med 50% eigenfinansiering.

The Alliance for Batteries Technology, Training and Skills (ALBATTTS) - Erasmus+ Sector Skills Alliance

Prosjektet kartlegg kompetansebehovet i verdikjeda for europeisk batteriproduksjon. Vestland fylkeskommune er partner saman med Fagskulen og Corvus Energi AS. Fokus for Vestland har vore på maritime applikasjonar. I prosjektet bygger vi nettverk og kunnskap for ein strategisk viktig sektor for Vestland innafor elektrifisering av transportsektoren, inkludert skipsfart. Vi lærer om kompetansebehovet saman med sterke europeiske partnerar. Fagskulen skal seinare i prosjektet utvikle undervisningsmodular som prosjektpartnerar skal teste ut.

Prosjektet er ferdig i desember 2023 og er finansiert over Erasmus+ Sector Skills Alliances program. Prosjektet er tildelt €3 985 074 frå EU. Fylkeskommunen er tildelt € 69 197 som utgjer 80% stønad. Det betyr at fylkeskommunen og fagskulen har ein eigenandel på € 17 300 over 4 år. Prosjektet har difor ei sterk forankring og leverer under alle vurderingspunkta for internasjonalt arbeid.

Responsible Research and Innovation Ecosystems at Regional Scale for Intelligent Cities, Transport and Energy (RRI2SCALE) - Horisont 2020

Vestland er ein av fire case-regionar i prosjektet. Høgskulen på Vestlandet er forskingspartner og støttar fylkeskommunen i gjennomføringa av prosjektet. Prosjektet handlar om korleis vi kan få til ein betre dialog med innbyggjarane om innovasjons- og planprosessar og kva for endringar vi må gjennomføre internt hjå oss for å engasjere innbyggjarane og sikre ei aktiv deltaking. Prosjektet er ferdig i desember 2022 og er 100% finansiert over Horisont 2020 programmet. Heile budsjettet er på € 2 millionar og Vestland fk har eit budsjett på litt over € 100 000. Prosjektet bidreg til å auke nyskaping og kvalitet i fylkeskommunen sine arbeidsområde og tenester; utløyser ekstern finansiering av utviklingsaktivitetar i Vestland og gir moglegheiter for å påverke viktige rammevilkår for Vestland.

Policies to Improve Rural areas' Innovation Systems by professionalising networking activities and use of innovation tools (P-IRIS) - Interreg Europe

Interreg Europe har regionale styresmakter som målgruppe og finansierer prosjekt som skal som skal styrke gjennomføring av regionale planar.

P- IRIS fokuserer på innovasjonsnettverk i distriktssamfunn. Prosjektet er leia av Vestland fylkeskommune og vert avslutta i juni 2021. På sluttkonferansen 11. februar vart det lagt fram 7 råd for oppfølging frå regionale styresmakter. I 2021 handlar arbeidet difor om å spreie informasjon og sørge for at råda vert drøfta med målsetting om å ta dei i bruk. Prosjektet har eit budsjett på € 1 375 873. VLFK sitt budsjett er på € 377 833 og 50% finansiert av Interreg Europe.

Stride4Stride for skills adaption/anticipating in European Regions (2020-22)

Prosjektet skal utarbeide eit nytt konsept: "Økosystem for regionale kompetansebehov" for å betra kapasiteten til å identifisera behov for kompetanse og utvikle/tilpassa tilbod om utdanning og opplæring i tråd med dette. Vestland fylkeskommune v/Karriere Vestland er partner saman med Hardangerrådet og vil legge vekt på å utveksle god praksis og sjå på kva rolle, plass og innhald karriereretleingstenesta bør ha i eit regionalt økosystem. Hardangerrådet vil sjå på aktuelle kompetansetiltak for prosessindustri og reiseliv. Prosjektet er ferdig i 2022 og finansiert over Erasmus+ Strategisk partnerskap fag- og yrkesopplæring. Totalbudsjettet for prosjektet er på omlag 1,4 millionar kroner. Vestland fylkeskommune/Karriere Vestland og Hardangerrådet får tildelt omlag 265 000 norske kroner til saman og bidreg med eige arbeid på omlag 20%. Prosjektet blir koordinert av Bretagne regionen og har totalt 9 europeiske partnerar frå ulike regionar, utdanningsinstitusjonar og organisasjonar. Forankring: Opplæringslova, "Regional plan for kompetanse og arbeidskraft"

Youth Entrepreneurial Spirit Specialists ("YESpecialists")

Overordna mål er å oppretthalde busetjing i distriktet gjennom å styrke tiltakslyst blant unge innbyggjarar. Vi startar det toårige prosjektet med å bygge lokale partnerskap rundt to vidaregåande skular (Flora og Odda vgs) med representantar frå frivillig sektor, lokalt næringsliv og kommunen. Dette lokale partnerskapet skal støtte opp under lokale ungdomsinitiativ, alt frå samfunnsinitiativ til å starte bedrift. Viktige element er det grønne skiftet, god ungdomsmedverknad og sosial inkludering. Kvar av dei seks partner-regionane i dette prosjektet kjem til å bygge lokale partnerskap, dele på god praksis med kvarandre og styrke entreprenørskapskulturen og -undervisninga i distriktet. Prosjektet er finansiert gjennom Erasmus+ Aktiv Ungdom. Totalbudsjett: 228.121 Euro, derav går 44.253 Euro (omlag 465.000 kr) til Vestland fylkeskommune som leiar

dette prosjektet. Dette dekker 80% av utgiftene. Prosjektet er forankra i Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling og Regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Det er oppretta ei ressursgruppe for prosjektet i vår region med ein representant frå Opplæringsavdelinga og to frå avdeling for innovasjon og næringsutvikling, derav prosjektleiar. Prosjektet starta i oktober 2020 og er planlagt ferdig i september 2022.

RegALE - Regional capacity for Adult Learning and Education (2020-23)

Prosjektet skal styrke kompetansen innan vaksenopplæringsfeltet og utvikle nettverk og samarbeidsstrukturar mellom regional og lokal vaksenopplæring, sivil sektor og arbeidsliv. Sentrale tema for oss er inkludering og å styrke opplæringa for innvandrarakar med mål om å kvalifisere dei til auka deltaking på arbeidsmarknaden. Det bygger m.a. vidare på arbeid i regi av Internasjonal kommunenettverk Vestland. I 2021 skal ein kartleggje utfordringar og behov for kompetansetiltak for tilsette i sektoren. Frå Vestland deltek INN og KII. Vaksenopplæringsforbundet VOVO er assosiert partner. Prosjektet er koordinert av EAEA (European Association for the Education of Adults) i samarbeid med EARLALL. Deltakarar frå sju land. Prosjektet er finansiert over Erasmus+ - Sector Skills Alliance program for vaksenopplæring. Totalbudsjettet er på 6,6 millionar kroner. Vestland får tildelt omlag 540 000 kroner. Dette dekker 80% av utgiftene.

Support to Entrepreneurial Activities in Riga Planning Region

Prosjektet skal sjå på korleis ein best kan organisere arbeidet med å auke kompetansen innan entreprenørskap gjennom regionale og lokale tiltak retta mot vaksne og unge i rurale strøk. Det er eit EØS-prosjekt mellom Vestland og Riga-regionen i Latvia. Vestland går inn som ekspert og våre aktivitetar er fullfinansierte. Vi ser at dette også er eit høve til å få ny kompetanse og utvikle nye og betre metodar innan feltet i eigen region. Oppstart tidleg haust 2021 og med avslutning i 2023. Det er lagt opp til kompetansegivande tiltak som hospitering, utvikling av undervisningsmateriell og metodar og ulike støtteaktivitetar (både digitalt og fysisk), assistanse til unge gründerar mm. Vestland sitt budsjett er på 80 000 Euro. (Totalbudsjettet 711 000 Euro)

Tverrsektorielle samarbeidsprosjekt Erasmus+ mobilitet

Dette er ei ordning som skal auke kvalitet i opplæringa i tråd med lokale behov, gjennom innovasjon og kopling mellom utdanning, arbeidsliv og forvaltningsnivå. Som del av dette lyser INN ut midlar til tverrsektorielle samarbeidsprosjekt for omlag Kr. 1,4 millionar. Midlane går til samarbeidsprosjekt mellom kommunar, regionråd, næringsliv og vidaregåande skule/fagopplæring. Via korte opphald hos europeiske samarbeidspartnarar får dei ny kompetanse og utvekslar erfaringar innan tema som reiseliv, lokalmat, næringsutvikling, helse og omsorg, folkehelse, miljø, akvakultur, grøn omstilling, energi og digitalisering. Prosjekta har låg terskel for deltaking og dei har vist seg særst godt eigna til å etablere tverrsektorielt samarbeid om utviklingstiltak i kommunar og regionar. Ordninga gjeld for to år om gongen og er finansiert over Erasmus+ mobilitet yrkesfag. Midlane er del av ei større satsing der fylkeskommunen ved INN og OPK får totalt 5,8 millionar kr.

Forankring: Utviklingsplan for Vestland 2020-24 og Strategi for internasjonalt samarbeid 2020-24 og elles i eigne planar for dei einsskilte fagområda.

Nasjonalt kontaktpunkt for Interreg Nordsjøprogrammet

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har tildelt oppgåva som nasjonalt kontaktpunkt for Interreg Nordsjøprogrammet til Vestland fylkeskommune for den nye programperioden 2021-2027. Ein medarbeidar utfører denne oppgåva i 10-30% stilling. Arbeidsmengda varierer gjennom året knytt til utlysingar i programmet. Oppgåva gir tilgang til viktige nettverk både nasjonalt og i Nordsjøområdet. Hovudoppgåve i 2021 er å bidra til utviklinga av innhaldet i Nordsjøprogrammet i ny programperiode som går over sju år og ivareta det norske regionale perspektivet i arbeidet. KMD dekker alle reiseutgifter knytt til oppgåva og inntil kr. 40 000 i lønnsutgifter.

2. Deltaking i europeiske organisasjonar

Vestland fylkeskommune er medlem i fleire internasjonale nettverk og medlemsorganisasjonar. Deltaking i desse er allereie vedteken i internasjonal strategi. Vi presenterer her moglegheiter for politisk deltaking, korleis avdelinga deltek i aktivitetane og kva ressursbruk dette inneber.

Conference of Peripheral and Maritime Regions (CPMR)

Organisasjonen er ein europeisk tenketank og lobbyorganisasjon, og arbeider med konkrete politikkområde og politiske saker. CPMR følgjer særleg opp regional-, transport- og maritim politikk til EU, men energi og miljø, naboskap, migrasjon og utvikling er også viktige satsingsområde. CPMR er ein paraplyorganisasjon og medlemskap er ein føresetnad for medlemskap i Nordsjøkommisjonen. Vi bruker relativt lite ressursar i dette arbeidet men to politikarar og ein frå administrasjon reiser som regel på årsmøtet.

Nordsjøkommisjon (NSC)

Nordsjøkommisjonen (NSC) er ein politisk organisasjon og ein arena for regionar rundt Nordsjøen for å samordne interesser, utveksle erfaringar og utvikle politikk. Organisasjonen arbeider med innsatsområde knytt til Nordsjøstrategien 2030. Desse innsatsområda er i tråd med prioriteringar i utviklingsplanen og regional plan for innovasjon og næringsutvikling (høyringsutkast). Organisasjonen har fire tematiske arbeidsgrupper. Gruppene arbeider med politikktutforming, prosjektutvikling og utveksling av kunnskap, og er ein viktig politisk arena som også gir gode høve for fagleg samarbeid. Vestland fylkeskommune satsar på dette arbeidet for å bygge nettverk og kunnskap og vi deltek i alle fire arbeidsgruppene med både politisk og administrativ representasjon. Representantane deltar på tre til fire gruppemøte i året i tillegg til årsmøtet. Administrativ representant førebur gruppemøta i dialog med politisk representant. Avdelinga nyttar ressursar på førebuing av møte og etterarbeid, i tillegg til deltaking på møta. Årskontingent for CPMR og NSC til saman var € 16 631 i 2020. Reiseutgifter kjem i tillegg.

Avdelinga deltek i tre tematiske arbeidsgrupper i Nordsjøkommisjon saman med ein politisk representant i kvar av desse; Marine Resources, Smart Regions and Energy and Climate Change. Den fjerde gruppa, Transport, har avdeling for mobilitet og kollektivtransport ansvar for.

I 2021 skal gruppa Marine Ressursar jobbe med utforming av ei ny politisk sak om sirkulærøkonomi/dekklast. Kartlegginga har starta i Vestland. Vestland samarbeider også med Møre og Romsdal og Rogaland for å sikre at Vestlandet er samkøyr i denne saka.

Gruppa Smarte Regionar skal jobbe med å styrke interregionalt samarbeid om innovasjon. Bakgrunnen for satsinga finn ein i Kommisjonen sitt rammeverk for "Strengthening Innovation in Europe's regions". Gruppa skal også følgje opp Nordsjøstrategien og satsinga på kompetanseutvikling gjennom bruk av europeiske finansieringsordningar. Neste gruppemøte i mars har dette som tema.

Gruppa "Energy and climate change" legg i 2021 opp til møte med fagleg fordjuping i tillegg til «standardagenda». Ut frå interesseavklaring på tema, er følgjande tema for møte no sett opp i 2021 og tidleg 2022: CCUS og enøk, Electric region Agder, hydrogen, vind- og solkraft og klimatilpassing.

Euromontana

Det viktigaste arrangementet i Euromontana i 2021 er European Mountain Convention (EMC). Det er kun Sogn og Fjordane som har delteke i Euromontana tidlegare. Hovudtemaet vil vere smarte distriktssamfunn noko som kan gi inspirasjon til og kanskje prosjektinitiativ til å følgje opp satsinga på innovative og inkluderande samfunn i planutkastet som no er ute på høyring. Euromontana inviterer oss til å delta i prosjektutvikling innan følgjande tema: utvikling av distriktssamfunn, sosial og digital innovasjon og klimatiltak. Euromontana som kanal for påverknadsarbeid er særleg aktuelt innan utvikling av rurale område, fjellområde og smarte samfunn.

Årskontingenten for 2021 er 1155€. Eventuelle reiseutgifter kjem i tillegg. Politikarar har høve til å delta på årsmøte, European Mountain Convention (annakvart år, neste hausten 2021) og temamøte knytt til aktuelle saker. Neste høve til å kome inn i styret er ved årsmøtet 2024.

EARLALL

Vestland fylkeskommune er medlem i EARLALL (The European Association of Regional and Local Authorities for Lifelong Learning). Dette er ein interesseorganisasjon for regionar og lokale myndigheiter som vil ta ei sterk rolle i å utforme og implementere strategiar for livslang læring. Dagsaktuelle tema er kompetanse retta mot regionane sine behov.

EARLALL er lokalisert i Brussel og blir forvalta av ei generalforsamling, medlemmane og representantskap for desse. Medlemsregionane deltek i hovudsak på administrativt nivå. Aktivitetane i organisasjonen er hovudsakeleg finansiert av EU-prosjekt utvikla i tematiske arbeidsgrupper. Årleg medlemsavgift på € 3 295,-.

Som medlem av EARLALL er Vestland fylkeskommune med i den europeiske plattformen "Pact for Skills" kor vi forpliktar oss til å jobbe for ein sterk og inkluderande kompetansepolitikk i Vestland. Fylkesdirektøren har fram til no nytta medlemsskapen i EARLALL til prosjekt- og partnerskapsutvikling. Som resultat av dette er Vestland fylkeskommune partner i fleire viktige EU-finansierte prosjekt: RegALE, YESpecialists og Stride4Stride. Dette vil vi halde fram med i 2021. I fortsetjinga vil vi ha fokus på utvikling av økosystem i fylket og samarbeid innan integrering, karriererettleiing, vaksenopplæring og målretta ungdomstiltak med fylkeskommunen som sentral koordinerande part.

EARLALL har god kontakt med EU-institusjonar med mål om å påverke EU sin utdanningspolitikk. Det er høve for politikarar frå Vestland fylkeskommune å vere aktive i nettverket for å påverke politikuttforming innan livslang læring, t.d. ved å delta på årsmøta og ta ei rolle som styremedlem.

NORA

NORA (Nordisk Atlantsamarbeid) er ein mellomstatleg organisasjon under Nordisk Ministerråd sitt regionalpolitiske Samarbeidsprogram, der Vestlandsrådet og Nord-Norge er dei norske regionane. Andre deltakarar er Island, Færøyane og Grønland. NORA skal bidra til vekst i regionane m.a. gjennom å styrke samarbeidet mellom bedrifter og forskings- og utviklingsorganisasjonar på tvers av region- og landegrensene. NORA jobbar med prosjektstøtte, skape alliansar og setje agenda. Tema er bioøkonomi, berekraftig turisme, sirkulær økonomi, transport, energi og lokalsamfunn og vert styrt gjennom fireårige strategiar (2021-24) og årlege handlingsplanar. På vegne av Vestlandsrådet har Vestland fylkeskommune administrativ representant i komiteen som arrangerer to faste årlege 2-dagars møte. Administrasjonen deltar også på månadlege digitale møte med sekretariatet. Alle reiseutgifter til NORA sine møte vert dekkja av NORA, arbeidstid av fylkeskommunen. Oppgåvene knytt til NORA blir ivaretatt av administrasjonen. Dette er ikkje ein arena for politisk deltaking. Vestlandsrådet sin årskontingent er DKK 100 000 pr. år.

3. Vidareutvikle regionale samarbeidsstrukturar

Internasjonalt kommunenettverk

Avdelinga har oppretta og koordinerer Internasjonalt kommunenettverk Vestland. Gjennom eigne samlingar mobiliserer vi kommunar og regionråd til å bruke EU-program som verkemiddel i lokal samfunns- og næringsutvikling, og overfører kunnskap om korleis søke og gjennomføre EU-prosjekt. Midlane som fylkeskommunen hentar ut kvart år frå Erasmus+ til europeisk prosjektsamarbeid gjennom akkrediteringsordninga (sjå under), vil vi lyse ut og følgje opp i nettverket. I 2021 vil vi invitere til tematiske samlingar, der utvalde tema er basert på innspel frå kommunane. Første samling i 2021 har tema reiseliv. Her er det mykje å hente på utveksling av erfaring og god praksis etter utbrotet av Covid-19, med andre regionar i Europa.

EU-rådgjeverforum Vestland

EU-rådgjeverforum Vestland er eit resultat av prosjekt finansiert med regionale utviklingsmidlar som skulle teste ut ein regional struktur for å samordne arbeidet med å mobilisere til fleire søknader til Horisont 2020 (EU sitt forskings- og innovasjonsprogram i første programperiode 2007-2020). Dette forumet har om lag 50 medlemar og møter to til tre gongar i året. Alle forskings- og utdanningsinstitusjonane i Vestland deltek i tillegg til næringsklyngene og offentleg sektor. Føremålet er å samle regionale krefter og interesser, og dele informasjon og kunnskap om prosjekt som er under utvikling i Vestland. Eit sentralt mål er å sikre at flest mogleg prosjektsøknader til Horisont Europa er forankra i regionale planar og blir sett i samanheng med andre regionale prosessar og prioriteringar. Avdeling for innovasjon og næringsutvikling har tatt på seg å drive dette nettverket i 2021. På denne måten kan vi i større grad jobbe for at søknader om innovasjonsprosjekt frå Vestland får ei tydelegare regional forankring.

Forskningsrådet vil i 2021 lyse ut midlar til etablering og drift av EU-nettverk for Horisont Europa (EU sitt forskings- og innovasjonsprogram i inneverande programperiode, 2021-2027). Det overordna målet for nettverka er å mobilisere norske deltakarar til Horisont Europa gjennom å auke kompetansen på programmet, betre samarbeidet mellom nøkkelaktørar på tvers av sektorar, lære og dele god praksis og utvikle alliansar. Innhald og omfang er ikkje avklart ennå. Ei større rolle til fylkeskommunane i å drive slike nettverk har vore diskutert. Fylkesdirektøren vil setje av ressursar til å jobbe med ein søknad til Forskningsrådet for å opprette eit EU-nettverk i Vestland, saman med dei andre partane i EU-rådgjevarforumet. EU-rådgjevarforumet vil vere ein sentral del i eit slikt EU-nettverk.

Vest Norges Brusselkontor (VNB)

VNB er ein viktig samarbeidsarena for erfaringsutveksling og kompetanseutvikling. VNB arrangerer kurs, studieturar og arrangement som styrker kompetanse om EU sin politikk og struktur. Disse er viktige tema for Norge som EØS-land. Både administrasjonen og politisk nivå må halde seg oppdatert om rammevilkår som påverkar Norge og samfunnet vårt, spesielt på tema relevante for næringsutvikling. I 2021 vil vi nytte VNB til å byggje kompetanse på område som er viktige for innovasjon og næringsutvikling i Vestland, sjå under. VNB har ressursar og kompetanse som avdelinga trekkjer vekslar på og kan hente inn spisskompetanse etter behov.

4. Nye initiativ

Høyringsutkast til "Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling" inneheld breie satsingar; Grøn næringsutvikling, Innovative og inkluderande samfunn og Areal og næringsutvikling. Desse vil bli spissa i det fleirårige handlingsprogrammet til planen, 2022 - 2025.

Arbeidet innafor desse tre satsingsområda vil i stor grad bli påverka av globale megatrendar. EU fører ein offensiv politikk under fana «European Green Deal» med ambisjon om å bli det første klima-nøytrale kontinentet. Gjennom EØS-avtalen vil Noreg og Vestland bli sterkt påverka av denne politikken. Bevisstgjerung og kompetansebygging både internt og eksternt om European Green Deal vil difor vere eit viktig arbeid for avdelinga i 2021 for å kople Vestland på dei europeiske prosessane. Vi vil nytte Vest-Norges Brusselkontor til å overvake og varsle på eit tidleg tidspunkt endringar (moglegheiter og utfordringar) som følgjer av European Green Deal.

EU sin politikk blir implementert gjennom EU-programma. Avdelinga vil nytte 2021 til å posisjonere seg og følgje med på utlysingar som er relevante for dei tre satsingsområda.

Grøn verdiskaping

Løfte fram nye grønne verdikjeder og forretningsområde

Som oppfølging av planarbeidet vil fylkesdirektøren gjennomføre prosjektet Grøn Region Vestland for å identifisere verdikjeder og forretningsområde, der næringslivet i dei ulike delane av fylket har eit konkurransefortrinn, i form av kompetanse, teknologi, naturressursar, etc. Resultata frå dei regionale prosessane skal setjast saman til ein første versjon av ein vestlandsportefølje som heile det regionale partnerskapet skal innrette sine verkemidlar mot, og skal leggjast til grunn for handlingsprogram for 2022 - 2025.

Eit av måla er å definere breie innovasjonsprosjekt som kan løfte fram dei nye grønne verdikjedene og sikre eit robust næringsliv for framtida. Det vil vere behov for midlar for å iverksette pilotar innafor desse verdikjedene og skalere desse opp, og vi må bruke heile vår verkemiddelportefølje for å finansiere desse. Vi vil vurdere bruk av europeiske program og eller investeringsmidlar i dette arbeidet saman med regionale partnarar. Dei første utlysingane i dei nye EU-programma kjem med frist haust 2021 slik at vi kan jobbe med partnarar allereie i 2021, men det vil òg vere føremålstenleg å sjå på utlysingar som kjem i 2022. Vestlandsporteføljen vil vere Vestland fylke si "smart spesialisering", der vi byggjer vidare på dei styrkane som fylket allereie har. Vi ønskjer å følgje opp viktige satsingar og initiativ som allereie er i gong.

Vestland fylkeskommune deltek i to tematiske partnerskap for smart spesialisering i EU, "Hydrogen Valleys" og "Advanced materials for batteries". Vi vil vurdere deltaking i fleire relevante tematiske plattform etter kvart. Slike nettverk er døropnarar til samarbeidsaktørar, kompetanse og prosjekt på område med høy prioritering frå EU.

- *Hydrogen Valleys*: Alliansen hadde oppstart i mars 2020. Alliansen skal etablere ein investeringsagenda og støtte oppskaleringa av hydrogenverdikjeder i Europa. Alliansen medfører midlertidig eit stort potensiale for nye hydrogenprosjekt i Vestland.

Vi vil delta meir aktivt i denne alliansen i 2021. Arbeidet er her knytt til den maritime arbeidsgruppa. Her jobbar vi med å gjere regionale aktørar klare for europeiske utlysingar innan hydrogen. Vi vil søkje eksterne midlar frå Forskningsrådet og kombinere desse med andre verkemidlar, til dømes Klimasatsmidlar, for å støtte regionale aktørar i søknadsarbeidet opp mot Horisont Europa. Slike søknader vil i hovudsak vere ei vidareføring av regionale prosjekt.

- *Advanced materials for batteries*: Avdelinga deltek i månedleg møter i "National and Regional Representative Group" for europeiske batteripartnarskap. I 2021 vil vi overvake utviklinga i dette arbeidet for å posisjonere oss i framtidige europeiske prosjekt og investeringar.

Det marine programmet, «Marin satsing 2020 -2030 - Lønnsam og berekraftig sjømat» lister opp tiltak for å utvikle ein berekraftig havbruksnæring. Satsinga skal etter planen starte opp i 2021. Det er ikkje avgjort kor mykje ressursar som skal setjast av til dette programmet. Havbruk og fiskeri er ein internasjonale sektor og det er viktig også å jobbe med denne sektoren i ein internasjonal kontekst. Vi vil mellom anna leite etter finansieringsmoglegheiter med europeiske partnerar. Hovudutval for næring vedtok i møtet 17. februar (sak [PS13/2021](#)) at det er særst viktig å starte raskt opp utviklingsprosjektet «Marin satsing 2020 -2030 - Lønnsam og berekraftig sjømat».

Reiseliv er ei av Noregs største eksportnæringar. Vestland har særleg fokus på utviklinga av berekraftig reiseliv og arbeider internasjonalt med strategi for handsaming av cruisetrafikk, smarte byar og marknadsføring av regionen gjennom Fjord Norge AS. Besøksforvaltning, rett kompetanse og auka lokal verdiskaping er langsiktige satsingar der internasjonalt samarbeid er eit særleg eigna verktøy. Vi kjem til å aktivt sjå etter utlysingar eller prosjektmoglegheiter spesielt under Erasmus+, Horisont Europa og Interreg som kan tilføre ein meirverdi til denne satsinga i 2021 og som kan bidra til å få reiselivsnæringa på beina igjen etter Covid-19.

Innovative og inkluderande samfunn

Kommunar står føre store utfordringar og komplekse problemstillingar som det ikkje er mogleg for den enkelte kommune å handtere aleine. Ei aldrande befolkning og behovet for eit meir inkluderande samfunn på den eine sida, og strammare økonomiske rammar på den andre sida gjer at vi må tenke nytt når det gjeld tenestetilbodet. I smarte byar og smarte bygder er samspelet på tvers av sektorar og aktørar vesentleg, i tillegg til å ta i bruk ny teknologi. Internasjonale prosjekt eignar seg spesielt godt når ein skal tenke nytt og jobbe saman på tvers av sektorar.

Vi må ta initiativ til innovasjonsprosjekt og utveksle gode døme, ikkje berre i eige fylke, men også på nasjonalt og europeisk nivå.

Vi vil aktivt søke etter relevante initiativ; både i høve bygder og byar. Tema som fjernarbeid, kopling av lokale innovasjonsmiljø til avanserte miljø i andre land, lokalsamfunn som laboratorium i innovasjonsprosessar og distribuert produksjon kan utviklast vidare gjennom internasjonalt samarbeid.

Kompetanseutvikling er eit anna tema som er svært viktig for å utvikle innovative og inkluderande samfunn, og som har eit stort potensiale i ein internasjonal kontekst. Dette er viktig både for bedriftene når dei skal innovere og i nokre tilfelle gå inn i nye verdikjeder, men òg for den einskilde innbyggjar slik at dei blir relevante for arbeidsmarknaden. Her deltek Vestland fylkeskommune allereie i ei rekkje europeiske samarbeidsprosjekt og vi har utvikle ei eiga "låg terskel"-ordning for tverrsektorielle grupper som ønskjer å innhente inspirasjon og god praksis frå andre europeiske regionar på dette feltet. Vi vil halde fram med å mobilisere regionale aktørar til å delta i slike prosjekt, og vurdere eiga deltaking der det kan gje ein meirverdi for våre prioriteringar.

Areal til næringsutvikling

Riktig infrastruktur er eit av dei områda som blei trekt fram i Vestlandscenariao 2020 som avgjerande for å gjere fylket attraktivt for investeringar og nyetableringar. Invest in Bergen har som overordna mål å få fleire investeringar og etableringar i Bergensregionen. Invest in Bergen er også vertskap for delegasjonar frå utlandet for å trekkje til seg etableringar. I 2021 vil Invest in Bergen i

større grad forsøke å nå dei større arealkrevjande investeringane, som kan gje regionen mange nye arbeidsplassar, gjennom å fremje store næringsareal spesielt. Dette krev eit godt samarbeid mellom kommunar, fylkeskommune og statlege etatar. Vestland fylkeskommune er med og finansierer Invest in Bergen saman med deltakande kommunar. Vi vil bidra til å få på plass ein struktur for dette arbeidet som gjer at alle delar av fylket kan auke sin attraksjonsverdi.

Samarbeid med Opplæring og kompetanse (OPK) og Kultur, idrett og integrering (KII) om regional kompetanseutvikling

Det er etablert samarbeid og aktivitetar med OPK og KII om å søke midlar, mobilisere og spreie kunnskap om Erasmus+ som verkemiddel for å styrke kompetansen i tråd med lokale og regionale behov. Utlysing av midlar blir sett i gang i løpet av 2021.

I programperioden i 2021-27 for Erasmus+ har fylkeskommunen søkt og fått innvilga akkreditering (godkjenning for å sende inn samla søknad for fleire sektorar i fylket) for to ulike tiltak, for vaksenopplæring og for fag- og yrkesopplæring. Akkrediteringa gjeld for heile programperioden og gir moglegheiter for eit meir langsiktig og strategisk perspektiv på utvikling av Erasmus+ prosjekt som styrker ei berekraftig kompetanseutvikling. Tiltaket og nytt ansvar og nye oppgåver innan integrering har ført til eit tettare og meir strukturert samarbeid mellom INN, OPK og KII. Det gir eit meir heilskapleg perspektiv på kompetansebehov og kompetanseutviklinga i Vestland, og legg til rette for auka tverrsektorielt lokalt/regionalt samarbeid mellom kommune, vidaregåande opplæring, vaksenopplæring, arbeidsliv og sivil sektor. Den interne samordninga styrkar både kvaliteten og målrettinga i mobiliserings-, koordinerings- og tilretteleggingsarbeidet for å auke bruken av Erasmus+ som verkemiddel i kompetanseutviklingsarbeidet i Vestland.

Oppsummering

Tabellen gjev ei oversikt over prioriterte aktivitetar som er omtalt i saka:

Gjennomføringa av igangsett aktivitetar, prosjekt og avtalar	Aktivitetar	Finansiering
RIGHT skills for the right future	Prosjektet skal teste ut metodar for kompetanseutvikling på område e korvi har regionale fortrinn (smart spesialisering). Det overordna mål er å styrkje den regionale konkurransekrafta og innovasjonskapasiteten gjennom eit samarbeid. VLFK er prosjektkoordinator, leiår partnarskapet og koordinerer aktivitetane.	Prosjektet har eit budsjett på € 3 66 047. VLFK sitt budsjett på € 603 500 er 50% finansiert av Interreg Nordsjøprogrammet
RRI2SCALE	Vestland er ein av fire case-regionar i dette prosjekt og får forskingsstønad frå HVL. Prosjektet handlar om korleis vi kan få til ein betre dialog med innbyggerane om innovasjons- og planprosessar og kva for endringar vi må gjennomføre internt hjå oss for å engasjere innbyggerane	Prosjektet har eit budsjett på ca. € 2 mill. VLFK sitt budsjett på ca. € 100 000 er 100% finansiert av Horisont 2020
ALBATTS	Prosjektet kartlegg kompetansebehovet slik at Europa kan opprette ei verdikjede i batteriteknologi	Prosjektet har eit budsjett på ca. € 4 mill. Fagskulen bruker mest parten VLFK sitt budsjett på € 70 000. 80% finansiert - Erasmus+
Support to Entrepreneurial Activities in Riga Planning Region	Prosjektet skal bidra til auka kompetanse innan entreprenørskap gjennom regionale og lokale tiltak retta mot vaksne og unge i rurale strøk	Prosjektet har eit budsjett på € 711 000, VLFK sitt budsjett på € 80 00 er 100% finansiert - EØS midlar
P-IRIS	Tidlegare Sogn og fjordane er prosjektkoordinator. Prosjektet har utvikla ei reiskap for rurale innovasjonssystem. Sluttrapportering har frist i juni 2021	Prosjektet har eit budsjett på € 1 375 873. VLFK sitt budsjett er på € 377 833, 50% finansiert - Interreg Europe

Stride4Stride	Prosjektet handlar om rolla til karriererettleiing i eit regional økosystem	Karriere Vestland og Hardangerrådet får tildelt ca. € 26 000 som er 80% finansiert - Erasmus+
YesSpecialists	Prosjektet har mål om å oppretthalde busetjing i distriktet. Målgruppa er ungdom. VLFK leiar prosjektet	VLFK har eit budsjett på € 44 253, 80% finansiert - Erasmus+
RegALE	Prosjektet styrkjer kompetansen innan vaksenopplæringsfeltet	VLFK sitt budsjett er på ca. € 54 000, 80% finansiert - Erasmus+
Oppgåve som nasjonalt kontaktpunkt for Interreg Nordsjøprogrammet	KMD har tildelt desse nasjonale oppgåve til VLFK. Kontaktpunktet driver med rådgjeving og prosjektevaluering og deltek i programmet sine komitéar	Alle utgifter inkludert reiser dekket av KMD i tillegg til kr 40.000/året i lønnsutgifter
Tverrsektorielle samarbeidsprosjekt Erasmus+ mobilitet	Administrasjon knytt til utlysing av NOK 1,4 mill. til kompetanseutviklingsprosjekt	Delvis finansiert gjennom administrasjonspenger fra Erasmus+
Deltaking i europeiske organisasjonar	Aktivitetar	Finansiering
CPMR - Conference of Peripheral and Maritime Regions	VLFK deltek med to politikarar og ein medarbeidar på årsmøta. Administrasjon følger det daglige arbeidet til organisasjonen	Årleg medlemsavgift - sjå NSC
NSC - North Sea Commission	Politikarar deltek i dei tematiske arbeidsgruppene saman med administrasjonen. Ein medarbeidar har i tillegg koordineringsansvar	Årleg medlemsavgift CPMR / NSC € 16 631
EuroMontana	Moglegheiter for politisk deltaking på årsmøte og som styremedlem	Årskontingent € 1 155
EARLALL - European Association of Regional & Local Authorities for Lifelong Learning	Nettverksbygging og prosjektutvikling under Erasmus+. Moglegheiter for politikarar å delta på årsmøte og som styremedlem	Årskontingent € 3 295
NORA - North Atlantic Cooperation	Administrasjonen brukar NORA til nettverking og mobilisering til prosjektsamarbeid	årskontingent DKK 100 000 (Vestlandsrådet)
Vidareutvikle regionale samarbeidsstrukturar	Aktivitetar	Finansiering
Kommunenettverk	Planlegge og gjennomføre nettverksmøte som mobilisere til prosjekt under Erasmus+, oppfølging	Eigen finansiering
EU-rådgjevar forum /EU-nettverk	Regionalt nettverk som mobiliserer til samkøyring under Horisont Europa, administrasjonen planlegg og følgjer opp møta	Eigen finansiering
Vest Norges Brusselkontor	Representerer Vestlandet i Brussel og har spisskompetansen innan EU sin politikk og tematiske satsingar	Medlemskap kr. 1 402 424 (2020)
Nye initiativ	Aktivitetar	Finansiering
Grøn verdiskaping	Aktivitetar knytt til Grøn region Vestland, nettverksarbeid og posisjonering i regionale og internasjonale nettverk, prosjektutvikling og kunnskapsdeling	Eigen finansiering
Innovative samfunn	Nettverksarbeid og prosjektutvikling	Eigen finansiering
Areal til næringsutvikling	Marknadsføre fylket og areal. Vertschap for utanlandske delegasjonar for nye etableringar.	Spleiselag mellom alle medlemskommunar og VLFK
Regional kompetanseutvikling i	Aktivitetar	Finansiering

samarbeid med OPK og KII		
Erasmus+ Akkreditering 2021-27 for voksenopplæringsfeltet og for fag- og yrkesopplæring.	Mobiliserer og støtter prosjektutvikling innan voksenopplæring og yrkesfag og -opplæring, med tverrsektoriell og tverrfagleg lokal og regional deltaking.	Delvis finansiert gjennom administrasjonspenger fra Erasmus+

Vedtakskompetanse

Hovudutvalet for Næring har avgjerdsmynde i sak om årleg rapport om gjennomføring av planar innan eige ansvarsområde, med heimel i delegasjonsreglementet for Vestland fylkeskommune oktober 2021.

Vurdering og verknader

Økonomi: Gjennomføringa av Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024 skal ta utgangspunkt i økonomiplanen og årlege budsjett i Vestland fylkeskommune

Klima: Gjennomføringa av Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024 bidreg til å nå klimamåla i utviklingsplan for Vestland 2020- 2024

Folkehelse: Gjennomføring av Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024 bidreg til å nå måla for folkehelsearbeid i utviklingsplan for Vestland 2020- 2024

Regional planstrategi: Gjennomføring av Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024 bidreg til å nå mål og sette i verk strategiar i utviklingsplan for Vestland 2020- 2024

Konklusjon

Saka viser til oppgåver og forpliktingar avdeling for innovasjon og næringsutvikling må følgje opp på vegne av Vestland fylkeskommune og skildrar moglegheiter for politisk deltaking i internasjonale medlemsorganisasjonar. Desse er prioriterte oppgåve. I tillegg viser saka til nye initiativ som avdelinga prioriterer og som fylkesdirektøren meiner internasjonalt samarbeid kan gi ein meirverdi. Fylkesdirektøren rår til at forslag til prioriteringar for INN i 2021, som gjennomføring av Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024, vert vedtatt.